

# **Samarbeidsavtale for Haugaland IKT kommunalt oppgåvefelleskap**

Vedtatt 14.06.2022

## **§ 1 Partar og heimel**

Samarbeidsavtalen er fastsett i medhald av kommunelova kapittel 19.

Desse kommunane er med i Haugaland IKT kommunalt oppgåvefelleskap (heretter omtala som «Haugaland IKT»):

Karmøy	(Org. nr. 940 791 901)
Tysvær	(Org. nr. 964 979 812)

## **§ 2 Rettsleg status**

Haugaland IKT er ikkje eit eige rettssubjekt. Haugaland IKT skal ha sitt kontor i Karmøy kommune.

## **§ 3 Formål**

Haugaland IKT skal ivareta oppgåver for deltakarkommunane innan IKT knytt til drift, driftsstøtte, service, informasjonstryggleik, samt utvikling, implementering og forvaltning av kostnadseffektive driftsløysingar og tenester. Haugaland IKT kan og levere IKT-tenester til andre kommunar og offentlege einingar, så fremt dette utgjør mindre enn 20 prosent av aktivitetane samarbeidet omfattar, og det er egna til å fremje regionalt samarbeid og ikkje elles motverkar avtalen sitt formål.

Haugaland IKT er eit felles prosjekt, og deltakarkommunane skal bidra med eigne personalressursar, utstyr og naudsynnte tilskot til dekning av felles kostnader for å kunne realisere formålet med samarbeidet.

Deltakarkommunane har ein felles intensjon om å på sikt (2-3 år) vidareutvikle samarbeidet til ein sjølvstendig eining, dersom grunnlaget for dette er til stades. Intensjonen skal sikrast oppfylt ved kontinuerleg evaluering og dialog mellom styret, representantskapet og deltakarkommunane. Den nåverande forma på samarbeidet skal evaluerast seinast ved utgangen av 2024. Oppretting av ei eventuell sjølvstendig eining krev ny samarbeidsavtale som kommunestyra i deltakarkommunane må vedta.

## **§ 4 Innskot, eigardel og innbyrdes ansvar mellom deltakarkommunane**

Det må ligge føre bindande vedtak frå alle deltakarkommunar dersom dei skal vera plikta til å gjere innskot.

Eigardelene i Haugaland IKT er fordelt etter utjamningsmodell der 50 prosent er fastsett ut frå kostnadsfordeling dei to kommunane tar med inn i samarbeidet. Dei resterande 50 prosent er fordelt med 30 prosent likt per kommune og 70 prosent fordelt likt per innbyggjar, basert på SSB sin statistikk per 1. januar året før budsjettåret.

Eigardelane på avtaletidspunktet for gjeldande samarbeidsavtale (baserer seg på folketalet pr. 31.12.2021):

Karmøy: 65,7 %

Tysvær: 34,3 %

<b>Fordelingsnøklar</b>	I dag	Fast	Innbyggere	Utj.mod.
Karmøy	14 397 615	1	42541	
Tysvær	10 010 747	1	11283	
<b>Sum</b>	<b>24 408 362</b>	<b>2</b>	<b>53 824</b>	
Fordeling Karmøy	59,0 %	50,0 %	79,0 %	65,7 %
Fordeling Tysvær	41,0 %	50,0 %	21,0 %	34,3 %
<b>Vekt</b>	<b>50,0 %</b>	<b>15,0 %</b>	<b>35,0 %</b>	<b>100,0 %</b>

### § 5 Ansvar

Deltakarkommunane heftar med heile sin formue for sin pro rata eigardel av samarbeidet sine samla forpliktingar.

Dersom ein deltakarkommune ikkje gjer opp sine forpliktingar i samsvar med sin pro rata eigardel, og den andre deltakarkommunen gjer opp slike økonomiske forpliktingar på vegne av ein annan deltakar i samarbeidet, har den deltakarkommunen som har gjort opp den økonomiske plikta, rett til å krevja tilsvarande beløp tilbakebetalt frå den ansvarlege deltakarkommunen gjennom eit regresskrav, med tillegg av renter.

### § 6 Organisering av oppgåvefelleskapet

Haugaland IKT er styrt gjennom tre organ; representantskap, styre og dagleg leiar.

### § 7 Representantskapet og styret

Representantskapet er det øvste organet i Haugaland IKT og er sett saman av ordførarane i dei deltakande kommunane. Kvar av deltakarkommunane sine kommunestyre vel og minimum eitt varamedlem til representantskapet, som vil vera fungerande medlem i ordføraren sitt fråvær. Representantskapet vel sjølv leiar og nestleiar. Leiar har ansvar for innkalling til - og gjennomføring av representantskapsmøta.

Styret er sett saman av rådmennene i dei to kommunane. Rådmennene peiker sjølv ut eit personleg varamedlem.

Dagleg leiar for samarbeidet har møte- og talerett i representantskapet og i styret. Styreleiar har møte- og talerett i representantskapet.

### § 8 Representantskapet og styret sine oppgåver

Representantskapet har ansvar for å:

- Velje leiar og nestleiar til representantskapet
- Velje leiar og nestleiar til styret
- Vedta Haugaland IKT sitt årsbudsjett, godkjenne årsmelding og fastsetje årsrekneskap

- Gje fullmakt til styret
- Gje tilrådingar til deltakarkommunane om eventuell vidareføring av samarbeidet som eige rettssubjekt, jf. § 3 tredje ledd.
- Handsame andre saker som styret ynskjer at representantskapet skal handsame

#### **Styret har ansvar for:**

- Forvaltning av Haugaland IKT; under dette å syte for ein tilfredsstillande organisering og å sjå til at verksemda vert driven i samsvar med samarbeidsavtalen
- Delegere fullmakt og ansvar til dagleg leiar
- Representere samarbeidet innanfor dei rammene som er vedtekne av representantskapet
- Rapportere og førebu saker til representantskapet, og kome med framlegg til vedtak
- Evaluere samarbeidets status, og gje innspel til representantskapet om samarbeidet eventuelt bør vidareførast som eige rettssubjekt og korleis ein overgang i så tilfelle bør gjennomførast, jf. § 3 tredje ledd

#### **§ 9 Representantskapet og styret sine møter**

Representantskapet skal minimum ha eitt møte i året. Leiar har ansvar for innkalling til og gjennomføring av representantskapsmøta.

Deltakarkommunane har ei røyst kvar i representantskapet.

Styreleiar kallar inn til styremøte så ofte leiaren finn det naudsynt, eller når minst eitt medlem av styret eller dagleg leiar krev det, likevel slik at det vert halde minst tre styremøte i løpet av året.

Innkalling til styremøte skal skje skriftleg til kvart styremedlem minst 10 dagar før møtedato. Leiar sørger for at det blir ført protokoll frå møtet, og at protokollen vert godkjend av styret. Protokollen skal sendast til styret og representantskapet etter sluttført møte.

Styret fattar vedtak med alminneleg fleirtal. Ved votering i styret skal kvar røyst telje likt.

#### **§ 10 Dagleg leiar**

Haugaland IKT skal ha ein dagleg leiar. Leiar for IKT-eininga i Karmøy kommune er dagleg leiar.

Dagleg leiar er ansvarleg for dagleg leiing av Haugaland IKT og skal følgje retningslinjer og pålegg som styret har gitt. Dagleg leiar skal fungere som eit bindeledd mellom dei tilsette og deltakarkommunane, og er ansvarleg for å leggje til rette for at deltakarkommunane på ein forsvarleg måte utøver sitt arbeidsgjevaransvar. Den daglege leiinga gjeld ikkje tilhøve som er av prinsipiell karakter, uvanleg art eller av stor interesse. Slike saker kan den daglege leiar berre avgjere når styret i den enkelte sak har gjeve dagleg leiar mynde til det, eller når ei avgjersle ikkje kan vente på styrehandsaming utan vesentleg ulempe for Haugaland IKT.

Dagleg leiar skal rapportere til styret om budsjett og tenesteleveransar.

#### **§ 11 Budsjett, rekneskap og revisjon**

Haugaland IKT skal nytte same budsjett- og rekneskapsår som kommunane. Dei gjeldande føresegner for kommunale budsjett og rekneskap gjeld også for samarbeidet. Haugaland IKT innarbeider sitt årsrekneskap i Karmøy kommune sitt årsrekneskap etter kommunelova § 14-8 andre ledd, jf. § 14-6 første ledd bokstav d.

### **§ 12 Rapportering til deltakarkommunane**

Haugaland IKT rapporterer årleg tilbake til deltakarkommunane, m.a. gjennom representantskapsmøte og gjennom årsrapportering.

### **§ 13 Låneopptak**

Haugaland IKT har ikkje mynde til å ta opp lån.

### **§ 14 Lærlingar**

Deltakarkommunane har som målsetting å ha lærlingar i Haugaland IKT kommunalt oppgåvefelleskap.

### **§ 15 Endring av samarbeidsavtalen**

Endringar av samarbeidsavtalen må kommunestyra i deltakarkommunane vedta. Vedtaka skal vera likelydande.

### **§ 16 Opptak av nye deltakarkommunar**

Kommunestyret i begge deltakarkommunane må godkjenne eit eventuelt opptak av nye deltakarkommunar, samt naudsynte endringar i samarbeidsavtalen som ein følgje av opptaket. Nye deltakarkommunar pliktar å slutta seg til samarbeidsavtalen. Eventuelt opptak av nye medlemmer kan ikkje skje før tidlegast i 2025.

### **§ 17 Tre ut, oppløysning**

Etter vedtak i kommunestyret kan ein deltakarkommune tre ut av samarbeidet ved skriftleg varsel til styret. Styret har i slike tilfelle ansvar for å kalla inn til møte i representantskapet der saka vert lagt fram for handsaming.

Ein deltakar kan tidlegast tre ut eitt år etter at skriftleg varsel om oppseiing er sendt, med verknad frå det påfølgjande årsskiftet. Dette kan avvikast etter avtale mellom kommunen det gjeld og representantskapet.

Oppløysing av samarbeidet kan berre skje dersom deltakarkommunane er samde om det. For det tilfellet at Haugaland IKT har eige arkiv, vil den av deltakarkommunane som har størst eigardel ved tidspunkt for oppløysinga vere ansvarleg for arkivering av Haugaland IKT sitt arkivmateriale.

Ved eventuell oppløysing/uttreiding av samarbeidet tar kvar av kommunane med seg det inventar og utstyr som kommunane hadde anskaffa før samarbeidet vart oppretta.

### **§ 18 Tvisteløysing**

Tvist om forståing av avtalen skal avgjerast ved ordinær domstolsbehandling.

### **§ 19 Personvern (GDPR)**

Den enkelte deltakarkommune har instruksjonsmynde og rett til å gjennomføre internkontroll i tråd med behandlingsansvaret for dei respektive personopplysningar som den enkelte kommune har ansvar for etter personopplysningslova og GDPR.

